



Friheim Gardsmat er med også i år. Her er dei fotografert første året Jul i Rosendal vart arrangert.

Dei lovar god julestemning med lukt av m.a. kakao, smultringar og melkekaker på julemarnaden til Jul i Rosendal. På marknaden kan vi og få kjøpt tøffe tova tøfler og anna handlaga av ny og gamal sort. Kortreist pinnakjøtt, hjortapølse, julekaker og anna etande vert og å få kjøpt. Der kjem utstillarar frå Haugesund til Voss, og fleire av dei kjem frå Uskedalen. Innimellom vert det heile krydra med musikk og andre underhaldningsinnslag.

På den fylldige lista over utstillarar finn vi fleire frå Uskedalen. Som tidlegare år er Friheim Gardsmat på plass. Dei stiller med eit rikhaldig utvalg på sin stand. Pinnabog, sylteflesk, bacon, kjøtt-, blod-, spekje- og grillpølser fristar dei med. Tekstilkunstnar Inger Naterstad stiller med produkt i nunofilting, og for uinnvidde kan vi fortelja at det er tova ting av ull og silkestoff. Her kan ein mellom anna velje mellom sjal, pulsvantar, løparar og toppar.

To utflytta uskedalsdamer stiller og med mykje fint i tekstilhandarbeid. Det er Liv R. Steinkjer og Laila Øyjord. Teknikkane deira er strikking og hekling, lappeteknikk og hardangersaum.

Dette er sjølvstøtt berre eit lite utdrag av den rikhaldige lista over utstillarar. Det er mykje spennande og fint å finna; - utvilsamt ein god plass å handla fine julegaver. For å få oversikt over alt anbefaler eg at ein går inn på nettsida til Jul i Rosendal ved å klikke på denne linken <http://www.julirosendal.no/jul-i-rosendal/>. Der finn ein og fullstendig program for arrangementet.

Messa er open frå kl.13 til 18 fredag, og frå kl.11 til 17 på lørdag.

Av: Thor Inge Døssland